



Vår dato:

26.10.2021

Vår ref:

2021/78

Dykkar dato:

25.10.2021

Dykkar ref:

Nina Strømsnes

Nav Fensfjorden
Fensfjordvegen 615
5986 Hosteland

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Prosjekt marknadskontakt Nav Fensfjorden

Vi viser til dykker førespurnad 25. oktober 2021 vedrørende prosjektet Marknadskontakt Nav Fensfjorden.

Dykkar førespurnad

Det de spør om er «om vi kan omdisponere nokre av midlane til prosjektet». Grunnen til at de spør er at «Han som var tilsett i prosjektstillinga har fått ny stilling i NAV region Nordhordland» og at «prosjektet no er inne i siste fase».

Det de konkret ønsker no er «å kople marknadskontakten i Fensfjorden opp til det regionale kompetansesenteret for ungdom og arbeid som skal starte opp i januar 2022». De skriv at «Oppgåver og funksjon vil vera det same, ikkje minst målgruppa og målsettinga med å hindre utanforskap og sikre at de unge skal kunne forsørge seg sjølv».

Våre føresetnader

Ein kan få statleg tilskot til utviklingsprosjekt i til saman tre år, og vi legg til grunn at de per i dag har att om lag eitt år, det vil seie tolv månader, av prosjektperioden til Marknadskontakt Nav Fensfjorden. De har tidlegare rapportert at prosjektstillinga starta opp i november 2019.

Etter vår oversikt kan de få inntil 1 720 000 kroner til prosjektet for heile treårsperioden (610 000 kroner + 500 000 kroner + 610 000 kroner). Ein kan få inntil 1 830 000 kroner i tilskot, men ein får ikkje meir enn det ein søker om. Nav Fensfjorden søkte i 2020 om 500 000 kroner til eitt årsverk, og direktoratet la dette til grunn då dei tildelte midlar det året.

Fram til no har Nav Fensfjorden fått tildelt 1 393 220 kroner til prosjektstillinga, fordelt slik på år:

- 2019: 610 000 kroner (tildelt av Arbeids- og velferdsdirektoratet)
- 2020: 173 220 kroner (tildelt av Arbeids- og velferdsdirektoratet)
- 2021: 610 000 kroner (tildelt av Statsforvaltaren i Vestland)

Dette medfører at de for 2022 kan få inntil 326 780 kroner i tilskot (under føresetnad av at 610 000 kroner er det meste ein kan få til eitt årsverk). Nav Fensfjorden vil då ha pengar til prosjektstillinga til og med oktober 2022. Det er ein føresetnad at de rapporterer på vanleg måte for 2021, og at de søker om prosjektmidlar for 2022 innan søknadsfristen.



Vår avgjerd

I samsvar med reglane for tilskotsordninga å vi godkjenne alle vesentlege endingar i prosjektet, og vi godkjenner med dette at de frå og med januar 2022 koplar marknadskontakten i Fensfjorden opp til det regionale kompetansesenteret for ungdom og arbeid.

Vi ser at det kan vere vanskeleg å rekruttere til prosjektstillingar i mindre kommunar, og at det kan vere føremålstenleg å endre prosjektstillinga for resten av perioden når de no misser prosjekt-medarbeidaren dykkar. Vidare legg vi til grunn dykkar opplysning om at målgruppe og målsetting vert likt som for prosjekt marknadskontakt Nav Fensfjorden fram til no.

Det er ein føresetnad at lønsutbetalinga skjer frå Nav Fensfjorden, og at lønsutgiftene vert ført i same prosjektrekneskap som før, sjå paragraf 11 i forskrifta for tilskotsordninga. Vi legg ved ei utskrift av forskrifta.

Det er også ein føresetnad at de lagar ein felles sluttrapport for heile prosjektperioden, sjå paragraf 11 i forskrifta for tilskotsordninga. Sluttrapporten treng ikkje nødvendigvis vere i papirformat, men de kan til dømes lage rapporten i form av ein film eller ein podcast.

Vi ønskjer dykk lykke til med siste året i prosjektet.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen
seksjonssjef

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til Arbeids- og velferdsdirektoratet v/Kjersti With Eidsmo Urbye